

Memo

Dato: 22. september 2007

Til: Kontrollkomiteen Helse Vest RHF

Fra: Internrevisor Gunnar Hoff

Sak: Revidert plan og prioriteringar ut 2007

1. Kort om planprosessen

Utkastet til plan for 2007 vart gjennomgått og drøfta i møte i kontrollkomiteen i desember 2006. Planen vart deretter lagt fram for administrerande direktør og leiargruppa i Helse Vest RHF for uttale. Leiargruppa i Helse Vest RHF hadde innspel til planutkastet som både gjekk på ei endra prioritering av einskildprosjekt og eit redusert antal prosjekt.

Forslaget frå leiargruppa gjekk på å ta ut følgjande prosjekt:

- Utnytting av behandlingskjeder
- Investeringer og utbyggingskjeder
- MTU
- Ventelister
- Korridorpasienter
- Psykiatri
- Forskrift, gave, provisjon etc.
- Opptrapping psykiatriplan
- Avvikshåndteringssystem

Samstundes ønskte leiargruppa at følgjande prosjekt vart prioritet:

Brann

Strålevern

Retningslinjer for bierverv

Innkjøpsfunksjoner

Den samla effekten av forslaget frå leiargruppa i RHFet representerte eit redusert ressursanslag frå kontrollkomiteen sitt forslag på 3200 timer til 1800 timer. Kontrollkontrollkomiteen handsama difor revisjonsplanen på nytt den 14.3. Opprinnelge prioriteringar og innspela fra leiargruppa i RHFet vart drøfta og det vart utarbeidd eit sameint forslag til plan for 2007 der mellom anna leiargruppa sine forslag til nye prosjekt var innarbeidd.

For øvrig bygde planen på følgjande premissar:

- Antall prosjekt må stå i forhold til kva som er praktisk mogleg å gjennomføre
- Det bør gjennomførast minimum eit prosjekt under kvar områdekategori (styring, økonomi, regeletterleving, måloppnåing, endring, etikk og omdøme)
- Prioriterte prosjekt skal vera basert på ei konkret risikovurdering

Den samla stipulerte ressursramme for dei omforente prosjekta utgjorde omlag 2400 timer.

Planen vart fremja for styret i møte 11. april 2007 der styret gjorde vedtak om å utsetja handsaminga av saka på grunn av at styret ønskte at risikovurderingar og andre føresetnader som låg til grunn for prioritering av prosjekt vart ytterligare konkretisert og at det vart sett forslag til gjennomføringstidspunkt for prosjekta. Plandokumenta vart på den bakgrunn endra i tråd med ønske fra styret og fremja til styremøte 23.5.2007. Grunna stor saksmengde på styremote vart handsaminga av saka utsett. Planen for internrevisjonen er framleis ikkje handsama og godkjend av styret.

2. Utarbeiding av prosjektbeskrivingar

I samsvar med vedtekne retningsliner utarbeider internrevisjonen prosjektbeskrivingar som meir i detalj omtalar føremål, problemstillingar og revisjonsmessig tilnærming. Prosjektbeskrivingane vert lagt fram for RHF leiringa for kommentarar. Prosjekta vert starta opp når det ligg føre ei omforeint prosjektbeskriving.

Prosjektet knytt til gjennomgang av styringssystem på økonomiområdet vart klarert med leiringa i RHFet i mars. Det var planlagd å starte opp dette prosjekte når sjukefråværsprosjektet var sluttført i midten av mars. På grunn av at økonomiavdelinga i RHFet ville gjennomføre spesielle oppfølgingstiltak mot HFa retta mot å sikra økonomisk balanse, dvs. oppfølging av korleis HFa gjennomføring planlagde innsparingstiltak og effekten av tiltaka, vart det avtalt å utsetja oppstart av prosjektet til tredje kvartal i 2007.

Som ei forebuing og ledd i informasjonsinnehentinga, prioriterte internrevisjonen å gjennomgå dokumentasjon som økonomiavdelinga hadde innhenta i samband med dei oppfølgingstiltaka som var iverksett for å følgja opp økonomistyringa på HFa.

I tillegg vart det avtalt med RHFet at internrevisjonen skulle utarbeida prosjektbeskrivingar for fleire prosjekt slik at ein kunne unngå at iverksetting av nye prosjekt vart sinka av administrative prosessar knytt til godkjenning av prosjektbeskrivingar. Det vart utarbeidd prosjektbeskrivingar knytt til prosjekt innan brannvern, strålevern og bierverv. Utkasta til prosjekt vart i dialogen med RHFet justert i fleire omganger, og det er gjeve ulike tilbakemeldinger til prosjekta mellom anna knytt til tilnærming og omfang. Internrevisjonen har difor i ein lengre periode ikkje hatt godkjende prosjektbeskrivingar som grunnlag for å starta opp konkrete prosjekt.

Kontrollkomiteen er halde orientert om dette forholdet og temaet vart handsama på møte i kontrollkomiteen den 5. september. Administrasjonen forklarte i kontrollkomitemøte at den viktigaste årsaka til at det har vore tidkrevande prosessar for å få gjeve innspel og endeleg godkjenning av prosjekta i RHFet, var knappe ressursar og andre presserande oppgåver som har krevd mykje tid for administrasjonen i denne perioden. På møtet vart det opplyst at leiargruppa i RHFet no hadde handsama prosjekta, og at dei hadde nokre innspel til mindre justeringar i føremål/tilnærming, som dei ønskte vart innarbeidd før prosjekta vart starta opp.

3. Revidert plan og prioriteringar ut 2007

I møte 5. september drøfta kontrollutvalet erfaringar så langt og understreka kor viktig det var å ha ei klår ansvars- og rollefordeling mellom styret, kontrollkomiteen og administrasjonen i forhold til godkjenning og effektuering av revisjonsplanar og prosjekt. Kontrollutvalet drofta også risikoområder / risikosituasjonen og om det var grunnlag for å gjera endringar i forhold til dei prosjekta som allereie var identifiserte. Tema som vart berørt i denne samanheng var mellom risiko innan IT-området, oppfølging av porteføljestyringssystem, og analyse av årsaker til sterke auke i DRG-indeks. Internrevisor opplyste at det i dei øvrige regionane var fokus på innkjøp / anskaffingar, med omsyn til etterleving av regelverk og kvalitet på interne rutinar.

Sett på bakgrunn av den korte tida som er igjen av inneværende planperiode og at ny internrevisor byrjar rett over nyåret 2008 var det semje om å fremja eit konkret forslag til aktivitetar for internrevisjonen for 2007. Planen vil naturleg nok innehalda eit avgrensa antal revisjonsprosjekt og rådgjevingstenester. Det vart overlate til internrevisor og administrasjonen å utarbeide eit forslag til revidert plan / aktivitetsplan basert på drøftingane i kontrollkomiteen.

I møte 14. september mellom viseadm.direktør, økonomidirektør og internrevisor var det semje om å tilrå følgjande prosjekt og aktivitetar:

- Prosjekt retta mot økonomistyring i føretaksgruppa. Prosjektet vert starta opp umiddelbart og vert utvida til å omfatte nokre fleire problemstillingar, mellom anna knyttet til organisering, bemanning og gjennomføring av controllerfunksjonen i helseforetaka. I samband med vurdering / oppfølging av økonomiske effektar av planlagte innsparingstiltak, vil det også være naturlig å vurdere årsaker til eventuelle meirforbruk av variable kostnader, herunder om dei tiltaka / årsakssamanhangar som blei identifisert i 2006 framleis er aktuelle. Det blei også avtalt at revisjonen vurderte om den tilnærminga som Deloitte hadde nytta i eit prosjekt for Beregningsutvalget for Spesialisthelsetjenesten vedrørande helseforetaka sine HR-/personal- og økonomifunksjoner kunne inngå som eit element i prosjektet.
- Brannvern. Føremålet med prosjektet er å finne ut om helseforetaka i Helse Vest etterlever regelverket i brannvernslolvjevinga og internkontrollforskrifta. Prosjektet vil også kartleggje korleis ansvar og oppgåver er fordelt og kommunisert i føretaka. Vidare vil vi sjå på korleis pålegg og tilrådingar etter gjennomførte tilsyn med bygningar, er følgt opp, og om det er etablert rutinar for å følge opp og rapportera krav og tilrådingar etter tilsyn.
- Biervalv. Føremålet med prosjektet er å sjå om helseforetaka i Helse Vest følgjer opp krav i føretaksprotokoll og styringsdokument, om at det er gjennomgåande retningsliner for biervalv i føretaka, om føretaka har oversyn over biervalv, og korleis retningslinene vert praktisert.

I tillegg ønskjer administrasjonen å nytta internrevisors kompetanse innan risikostyring og intern kontroll ved å trekka revisor inn i RHFet sitt arbeid med å utvikle prinsipp, metodar og praktisk tilnærming / opplegg for intern kontroll og risikostyring.

Detaljar knytt til ressursbruk og gjennomføring går fram av vedlagde aktivitetsplan.

Vedlegg: Helse Vest aktivitetsplan internrevisjon frå 4. kvartal 2007

Helse Vest aktivitetsplan internrevisjon fra 4. kvartal 2007

#	Revisionsprosjekt	Tidspunkt	Tema	Budsjett
1	Styringsstruktur / budsjettføresetnader	Veke 40/ 07 - veke 07/08	Gjennomgang av fullmaksstruktur, styringsdialog, tiltak og oppfølgingsrutinar. Analyse av korleis kritiske budsjettføresetnader (tiltak) er dokumentert og utviklar seg Gjennomføre analyse av rutinar for styring av varekostnader ved to helseføretak. Gjennomføring av prosjekt i alle føretaka. Tilnærming og omfang avklarast i samarbeid med RHF	550
2	Brann	Veke 45-51	Formålet med prosjektet er å finne ut om helseføretaka i Helse Vest etterlever regelverket i brannvernslovgjevinga og internkontrollforskrifta. Kontroll av at dokumentasjon av alle pålegg frå branntilsynet er ført opp.	220
3	Retningslinjer for bierverv	Veke 43- 49	Kontrollera korleis retningslinene er implementert, kommunisert og vert følgt opp i HF	180
4	Rådgivning. Risikostyring og intern kontroll	Okttober - desember	Rådgjeving og støtte til RHFet i arbeidet med å utvikla prinsipp, metodar og praktisk tilnærming / opplegg for risikostyring og intern kontroll	150